

Astrid Sande
Hodnesdalsvegen 44a
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/6400 - 23/67867

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
31.08.2023

Feil bygningstype i matrikkelen - gbnr 195/41 Leiknes

Viser til e-post frå deg 28.08 der du opplyser at du meiner det er registrert feil bygningstype i matrikkelen.

Din bustad er registrert med bygningstype 112- einebustad med sokkel/hybel leilighet. Du meiner dette ikkje stemmer og at det berre er ei bu-eining i huset.

Av kommunen sine arkiv finn eg at huset vart omsøkt 18.07.1977 (sak 355/78), og at det går fram av byggesøknad at det skal bestå av 2 etasjer og ha 2 bueiningar. Det er nok dette som har gitt grunnlag for den registrerte bygningstypen.


	Går det høyspent kraftlinje over tomten <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei
Bl. §§ 70-77 F.kap. 26	Bebyggelsen
	Bebygget grunnareal for eldre bygg _____ m ²
F.kap. 55	Bebygget grunnareal for ny bebyggelse _____ <u>100</u> m ²
	Sum bebygget grunnareal _____ m ²
	Antall etasjer <u>2</u> Antall leiligheter <u>2</u>
	Samlet brutto gulvflate i ny bebyggelse _____ <u>150</u> m ²
Bl. § 44	Atkomst

Det er også avkryssingar for lydisolering i punktet for skillekonstruksjon mellom leiligheter.

F.kap. 43 F.kap. 53 F.kap. 55	Skillekonstruksjoner mellom leiligheter
	Materiale: <input checked="" type="checkbox"/> Tre <input type="checkbox"/> Tegl <input type="checkbox"/> Betong
	<input type="checkbox"/> Lettbetong (oppgi type) _____
	<input type="checkbox"/> Annet (beskriv) _____ <u>lydisolert</u>
	Utførelse: <input checked="" type="checkbox"/> Plassbygd <input type="checkbox"/> Fabrikkfremstilte elementer/seksjonshus
	(oppgi fabrikk og type) _____
	Forskriftenes funksjonskrav er oppfylt under henvisning til:
	<input type="checkbox"/> Utførelse er angitt på tegningene
	<input checked="" type="checkbox"/> Statlige byggebestemmelser 1, veiledningens hefte <u>4</u> henv.nr. _____
	<input type="checkbox"/> Særskilt dokumentasjon i eget bilag

Byggeteikningane viser derimot ikkje klart at det er lagt til rette for hybel/sokkelleilighet i underetasjen.

Etter tilbygg på huset i 2011 ser planteikningane for underetasjen no slik ut:



Der feil i matrikkelen skuldast feilføring, eller mellombels anna bruk enn godkjent bruk, kan bygningstype rettast etter krav om endring av bygningstype i matrikkelen. Sjå vedlagt skjema.

Der ein bustad er godkjent som einebustad med utleige, vert det gjerne sett krav om samanslåing til ei bueining, frå bygningstype 112, til bygningstype 111- einebustad.

Rutiner for krav om endring av bygningstype i matrikkelen, seier at kravet vert sendt til byggesaksavdeling for vurdering, før eventuell endring i matrikkel. Her kan de kanskje stillast

spørsmål om kva bygningstype som er den rette, sett i lys av at søknad og byggeteikningar ikkje klart viser det same. Dette vert då opp til byggesak å vurdere.

Dette huset har nok vore registrert slik frå det vart registrert i matrikkelen for mange år tilbake. Det at det også er tildelt 2 adresser her ,A og B, viser til at det er oppfatta som at det er 2 bueiningar her. NGIR (kommunale avgifter) brukar no registreringane i matrikkelen som grunnlag for kommunale avgifter. Før det vart Alver kommune, vart ikkje opplysningane i matrikkelen brukt som grunnlag for kommunale avgifter på same måte.

Dersom de sender inn skjemaet krav om endring av bygningstype i matrikkelen bør de skriva forklarande tekst, og også dokumentera at det ikkje er lagt til rette for ei ekstra bueining i huset.

Ta kontakt med byggesaksavdelinga for vegleiing i eventuell søknad om samanslåing av bueiningar.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skjema Krav om endring av bygningstype i matrikkelen

Mottakarar:

Astrid Sande

Malvin Blindheim

Hodnesdalsvegen 44a

Hodnesdalsvegen 44a

5915

5915

HJELMÅS

Hjelmås